



# INFORMASJONSSKRIV

## FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 2/2022

Årgang 31

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: [postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)



Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkerar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet pr. post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong. Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innheld:	Side
Produksjonstilskot – del 2	1
Hjelp med søknadane	2
Bruk gardskarta	2
Kompensasjon for kostnadsvekst	2
Regionalt miljøprogram (RMP)	3
Kjøp av mjølkekvote	3
Frist gjødselspreiing	3
Kompensasjon for kostnadsvekst	3
Driveplikt	4
Andre fristar	4
Skogbruksplan i Volda	4

### Dyreteljing:

Ver nøyaktig med teljinga av dyra. Ein bør ikkje berre bruke husdyrlistene.

For slakteproduksjon på svin er det viktig at du set kryss for at opplysingar kan hentast fra slakteria sine rapportar, elles får ein ikkje grunnlag for avløsing og tilskot på slaktegrisproduksjonen.



Sau på beite i Hornindal

### Produksjonstilskot del 2 Hugs søknadsfristen 15. oktober

Søknadsfristen for del 2 er 15. oktober, med teljedato 1. oktober. Ein kan søkje frå 1. oktober og det er smart å vere tidleg ute! Ein kan levere inntil 14 dagar etter fristen, men då med eit trekk på kr 1.000 pr. dag over frist!

Etter at søknaden er levert kan ein gå inn og endre opplysningar i søknaden t.o.m 29. oktober.

I søknad del 2 kan du søkje om tilskot for:

- Tilskot til avløsing ved ferie og fritid
- Husdyrtilstskot
- Tilskot til økologisk areal og husdyr
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar
- Areal- og kulturlandskapstilstskot
- Tilskot til dyr på beite
- Tilskot til dyr på utmarksbeite

### Avløysartilstskot:

Det kan søkjast om refusjon for utgiftene ein har hatt i 2022. Om ein ikkje har brukt opp heile refusjonsbeløpet til 15. oktober, kan ein etter-registrere meir i søknaden fram til 10. januar. Det same gjeld beitedyr som vert sanka frå utmarksbeite etter 15. oktober.

Godkjent dokumentasjon for utgifter til avløsing er til dømes:


- Årsoppgåve frå avløysarlaget
- A-melding frå Altinn
- Bankbilag og faktura

## Døme på godkjent arbeidshjelp som kan søkjast refusjon for:

- Stell av dyr
- Saueklipping
- Klauvskjering
- Gjerdehald
- Dyrking
- Grøfting
- Snekkerarbeid
- Rundballepressing (arbeidet, men ikkje maskinkostnaden)

## Døme på utgifter til arbeidshjelp som ikkje kan godkjennast:

- Dyrlege
- Drektigheitskontroll
- Rekneskapsførar
- Utgifter til elektrikar
- Bilmekanikar



Slåttearbeid

## Hjelp til søkerne – produksjonstilskot og RMP

Dersom det er behov for hjelp med søkerne som skal inn til 15. oktober, så ta kontakt. Vi rettleier og kan stille datamaskin til disposisjon.

*Ring og ting tid, ver tidleg ute og vent ikkje til siste dagen!*

På Smia kan Jan Endre ta imot besøk og gi hjelp. Kontaktinformasjon for oss tilsette finn du nedst i skrivet.

## Avlingssvikt – tilskot ved produksjonssvikt

Nokre har meldt inn at dei vil søkje om erstatning for avlingssvikt på grunn av dei vanskelege klimatiske forholda i sommar. Fineversperioden vi fekk i haust gjer at situasjonen vart litt lysare. Men dersom du ser ut til å få mindre enn 70 % av normalavling, så er det aktuelt å søkje.

Vi må presisere at ordninga gjeld skade på avling som skuldast klimatiske forhold. Tap av avlinga av andre årsakar vert ikkje dekt.

Vi må få melding hit snarast om du tenkjer å søke!

Søknadsfristen er 31. oktober.

Landbrukskontoret skal vitje alle som søker, som ein del av sakshandsaminga.

Du finn meir informasjon og søknad her: [Tilskot produksjonssvikt](#)

## Bruk gardskarta!

Vi minnar igjen om at det er viktig å sjå over gardskarta for eigd og leigd jord når du fyller ut søkerne om produksjonstilskot.

I karta finn du arealtal for dyrka jord og beita som eigedomane har, og du kan sjå over inntektingane om dei er riktige.

Ver merksam på at det berre er areal som vert brukt, dvs hausta ved minst ein slått eller beiting i 2022 som skal vere med på søkerne.

Areal som berre vert beitepussa, ligg brakk, mv, har ikkje rett på tilskot. Dei skal i tilfelle førast på andre kodar som t.d. «ute av drift», eller ikkje i det heile.

Du finn meir om dette i rettleiinga, eller ta kontakt med oss, så rettleier vi deg.

Gjer vel og meld ifrå dersom du finn feil i gardskarta.

Lenke til gardskart: <https://gardskart.nibio.no/search>



Ku på utmarksbeite i Litledalen

## Kompensasjon for kostnadsvekst

Gjennom produksjonstilskotordninga er det så langt lagt opp til tre etappar med kompensasjon. Ved utbetalinga i februar vart dei opphavelege satsane plussa på.

Neste steg var ekstrautbetalingane som skjedde i september, der det først vart betalt ut ekstra for areal og deretter for husdyr.

Siste steget som er planlagt er ved utbetalinga i februar der satsane er auka monaleg.

Alt dette er forhandla fram og vedteke gjennom forhandlingane mellom partane og ikkje minst i jordbruksavtala for 2022 - 2023.

Vonleg vil dette lette litt på den økonomiske belastninga. Vi har inga innverknad på sjølve ordningane men betydelege beløp vert kanalisiert gjennom søknadane som vi handsamar.

Ekstrautbetalingane i september utgjorde til saman kr 10.794.782 for Ørsta og Volda.



Ungdyr på beite på Bjørke

## Regionalt miljøtilskot (RMP)

Det vart opna for å søkje 15. september, med frist 15. oktober.

Aktuelle tiltak som kan få tilskot gjennom ordninga er:

1. Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap (berre 6196 Norangsfjorden) Kr 125/daa
2. Skjøtsel av bratt areal ved slått. Må ha minst 5 daa brattare enn 1:5. Mange kan søkje på denne! Kr 240/daa
3. Skjøtsel av naturtypen slåttemark i naturbase. Gjeld nokre få. Kr 1.000/daa

4. Skjøtsel av kystlynghei. Berre Raudøya. Kr 150/sau.
5. Tilrettelagt fuglebiotop for trua artar. Støtte ved utsett slått grunna hekking. Kr 2.000/daa
6. Drift av seter med mjølkeproduksjon. Kr 50.000/seter ved 4 veker og kr 70.000 ved 6 vekers drift.
7. Skjøtsel av gravminne (gravhaug) registrert i Askeladden. Kr 1.000/gravminne
8. Vedlikehald av fangdam. Kr 5.000/dam
9. Spreiing av **all** husdyrgjødsela i vår-/veksts sesong (i år før 17. august) kr 55/daa
10. Spreiing av husdyrgjødsel med nedleggings- eller nedfellingsutstyr. Kr 35/daa
11. Bruk av slangespreiar – må kombinerast med anten pkt 9 eller 10, kan ikke søkjast på aleine. Kr 65/daa.

Meir utfyllande info finn du hjå Statsforvaltaren:  
[Informasjon RMP](#)

Når du søker – pass på at du vel føretaket ditt med org.nummer! Du får ikkje søkt om du vel noko anna.

Alle tiltak skal teiknast inn eller markerast i kart. For alle som søkte i 2021, så er det viktig at ein svarer JA til spørsmål om å importere det som vart teikna inn i 2021. Då slepp ein mykje arbeid.

Lenke til søknadskjema: [Søknad RMP](#)

## Kjøp av kvote frå staten

Alle eigarar av kumjølkvote kan kjøpe kvote. Så langt ser det ut til å vere om lag 760.000 liter som staten skal selje ut her i fylket. Fristen for å melde kjøp frå staten er 1. oktober. Lenke: [kvotekjøp](#)

Endringar i kven som skal disponere kvote vert gjort i tida 1. oktober til 1. november.

Lenke: [Disponering av grunnkvote](#)

## Frist gjødselspreiing

Frist for å spreie husdyrgjødsel utan dispensasjon på eng er 15. september.

Seinare spreiing på eng må ha dispensasjon.

Søknad om dispensasjon finn ein på heimesida til Ørsta kommune, under landbruk.

Ved nedmolding like etter spreiling (innan 18 timer), kan ein spreie ut oktober månad, men sjølv sagt ikkje dersom det har kome snø eller tele.

Dersom ein vil ha RMP-tilskotet til tidleg spreiling må all gjødsla vere spreidd innan 17. august.



Kyr som slapper av på setervollen, tatt i Jølster

## Driveplikt

Landbrukskontoret følgjer opp driveplikta. Etter jordlova har eigarar av eigedomar med jordbruksareal driveplikt i heile eigartida. Med jordbruksareal meiner ein dyrka jord og innmarksbeite. Vi sender ut brev til dei som ikkje søker produksjonstilskot eller der vi ikkje har registrert jordleigeavtale. Dersom du har signert jordleigeavtale som vi ikkje har fått kopi av, ber vi om at den sendast til oss.

*Ja eg er glad då eg går og gravar  
i jord og grus, for eg veit eg lagar  
eit større Noreg enn før det var  
og skapar betre min ættargard.*

Knut A. Ødegård, 1917

## Andre fristar

### SMIL:

Fristen for søknadar om SMIL-midlar er som vanleg 1. februar. Ein kan sende inn søknadar, men desse vil då verte liggjande i påvente av friske midlar for 2023.

### Drenering:

Her er det framleis mykje ledige midlar for 2022, som ein kan søkje på. Då ordninga har rikeleg med midlar, kan ein søkje heile året.

## Skogbruksplan i Volda

Feltarbeidet er ferdig og i løpet av veke 41 vil skogeigarane få tilgang til ALLMA for å sjå kva som er registrert på dykkar eigedom. Fristen for å kome med ev. tilbakemeldingar er ca. 14 dagar.

Skogbruksplanane vert levert i desember.

Skogeigarar som ikkje har søkt tilskot må ta kontakt med skogansvarleg.

## Tilsette ved kontoret:

	<p>Liv Bente Viddal Tlf 907 04 008 E-post: <a href="mailto:liv-bente.viddal@orsta.kommune.no">liv-bente.viddal@orsta.kommune.no</a> Liv Bente er leiar for kontoret. Ho handsamar m.a. jordlovsaker og har hjorteviltforvaltinga i Ørsta, og konsesjonsaker. Registrerer eigenfråsegner om konsesjonsfridom i matrikkelen.</p>
	<p>Dorota Wozna Tlf 907 23 453 E-post: <a href="mailto:dorota.wozna@orsta.kommune.no">dorota.wozna@orsta.kommune.no</a> Dorota er sakhandsamar for tilskotsordningane for drenering, SMIL, produksjonstilskot Volda, sjukdomsavløsing, mv.</p>
	<p>Tlf 907 04 501 E-post: <a href="mailto:guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no">guro.sterud.stutlien@orsta.kommune.no</a> Guro er sakhandsamar for produksjonstilskot Ørsta, SMIL, landbruksregisteret, beitelaga, plantevern, driveplikt, Innovasjon Norge mv.</p>
	<p>Jan Endre Nesdal Tlf 902 55 815 E-post: <a href="mailto:jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no">jan.endre.nesdal@orsta.kommune.no</a> Jan Endre har delar av kontortida si på Smia. Han handsamar produksjonstilskot, RMP, UKL-ordninga, oppfølging av driveplikt i Volda, mv.</p>
	<p>Peder Magnussen Tlf 452 82 680 E-post: <a href="mailto:peder.magnussen@orsta.kommune.no">peder.magnussen@orsta.kommune.no</a> Peder er skogansvarleg ved kontoret. I tillegg til alt innan skogbruk har han viltforvaltinga i Volda.</p>
	<p>Børild Skåra Tlf 906 99 240 E-post: <a href="mailto:borild.skara@orsta.kommune.no">borild.skara@orsta.kommune.no</a> Børild er sakhandsamar for jordlovsaker i Volda, RMP, beitelaga, gardskart, Innovasjon Norge, nydyrkning, driveplikt Ørsta, mjølkekvote, mv.</p>